



Referat

Underutval for pleie- og omsorg

Dato og tidspunkt:	05.10.2021, 10.00-11.15
Møtestad:	Teamsmøte
Møteleiar:	Madeleine Braastad Skjelde
Til stades:	Voss: Tove Iren Vedå Vaksdal: Sigrunn Stamnes Vik Kvam: Elfrid Oma Voss sjukehus: Madeleine B. Skjelde Sissel Marie Finne: Medisinsk sengepost Ruth Veen Tveito: Kirurgisk sengepost
Fråfall utan vara:	Ulvik: Siw-Marlene Bolstad Eidfjord: Karin Flatabø Thrane
Referent:	Elfrid Oma

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg
18/21	Godkjenning av innkalling og saksliste <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner innkalling og saksliste med innmeldte saker 05.10.2021</i>	V	Saksliste
19/21	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 25.05.2021. <i>Samrøystes vedtak: Underutvalet for pleie og omsorg godkjenner referatet frå møte 25.05.2021</i>	V	Referat
20/21	Samarbeid/samhandling om inn- og utskrivning av pasientar mellom kommunane og Voss sjukehus etter avtale	D	

Voss: I møte i underutvalet 09.02.21 ble det stilt spørsmål til Voss herad om dei har innført nye rutiner knytt til rehabilitering av innlagte pasientar på Voss sjukehus. Viss dette er tilfellet ber sjukehuset om å bli informert om kva heradet ønsker av nye rutiner. Det er i dag uklart kven som er involvert i vurdering av pasienten sitt behov for rehabilitering. Sjukehuset greier ut om pasienten sitt funksjonsnivå i utskrivingsrapport. Ut frå rapporten skal kommunen kunne vurdere behov for rehabiliteringsopphald. Voss herad skal ha leiarmøte 05.10.21 der dei skal arbeida med spørsmål knytt til rehabilitering av desse pasientane.

Sjukehuset har fått beskjed frå Voss herad om at dei ikkje kan skriva ut pasientar i helgane grunna stengt tildelingskontor. Dette stemmer ikkje. Det er best om sjukehuset har dialog med sonene der lege og sjukepleiarar kan avgjera kven som får tildelt plass.

Voss vil takka sjukehuset for god samhandling under koronapandemien.

Vaksdal: Nyttar ikkje IPLOS når dei sender opplysningar til sjukehuset men prøver å skriva utfyllande rapport eller tek kontakt med sjukehuset på telefon. Det beste for sjukehuset er å ta imot skrifteleg rapport. Det er eit dilemma at det er ulik oppfatning mellom kommune og sjukehus korleis pasienten sin tilstand er. Viktig med god utgreiing om korleis pasienten sin situasjon er her og no. Forvaltningskontoret skal ha dialog med sjukehuset.

Kvam: Har for tida god kapasitet på korttidsplassar.

God samhandling med sjukehuset. Sender ikkje med IPLOS vurdering då dette ikkje har verdi for sjukehuset. Pleie og omsorg skal ha statusrapport på alle brukarane i Gerica. Denne rapporten er enkel å justera og kopiera over i ein innleggingsrapport. Tilbakemelding frå sjukehuset er at dette er gode rapportar.

Det har vore episodar der utskrivne pasient ikkje har hatt spontanurin etter seponering av kateter før utreise. Det er betre om seponering vert gjort i kommunen etter ankomst. Nyopererte må ha god smertelindring før utreise og kanskje ha smertestillande med seg til bruk undervegs. Det har hendt at pasienten kjem til kommunen med sterke smerter.

Helseopplysningar må koma på e-link før melding om utskrivingsklar. Kommunen har og eit ansvar om å etterlysa.

21/21	<p>Aktuelle driftsendringar i kommune/sjukehuset som kan få konsekvens for samhandling – Covid 19</p> <p>Vaksdal: Er flinkare til å ta imot utskrivingsklare pasientar. Årsak er betre vurdering av om pasienten kan reisa heim og at lengd på korrtidsopphald er redusert.</p> <p>Det er oppretta ny avdeling, -tverrfagleg helse som skal vera eit lågterskeltilbod. Forebyggjande tiltak vil kanskje føra til at færre vert innlagt på sjukehus.</p> <p>Vaksdal byggjer nye moderne omsorg pluss bustader. Uklart korleis drifta vert når bustadane er klare.</p> <p>Utsifting av personell på forvaltarkontoret –opplæring i ein periode.</p> <p>Kvam: Kvam har starta opp med kjernejournal og ynskjer at sjukehuset importerer medisinalliste inn i pasienten sin kjernejournal før utreise. Dette er i tråd med tenesteavtale 3 og 5 for somatisk sektor.</p> <p>Tek dette opp med kommuneoverlegen som eventuelt kan ta saka vidare med sjukehuset.</p> <p>Voss sjukehus: Arbeider med « Nye Voss 2035» som omhandlar bygg, areal og organisering. Dei to kirurgiske avdelingane i 4 et. skal slåast saman til ein kirurgisk sengepost med 27 senger. All overvaking vert organsert under intensiv avdeling. Rtg.avdelinga vert lagt under radiologisk avdeling i Bergen frå 1.november 2021. Dette kan føra til at pasientane vert utskriven seinare på dag.</p> <p>Covid-test ved utskriving til kommunane vart avslutta 28.09.21.</p>	D/O	
22/21	<p>Ymse : Me ynskjer å leggja novembermøte til Ulvik for å sjå den nye sjukeheimen.</p>	O	

Tidspunkt for neste møte i underutval for pleie og omsorg vert 30. november 2021.